



ÅRSMELDING 2014

22.6. - 31.12.2014

Sidan vedtektene blei endra på årsmøtet 2014, vil årsmelding og rekneskap heretter følgje kalenderåret.

Styret 2014: Eva Almhjell, leiar (2014-2015) og nettredaktør, Britt-Mari Sletto, nestleiar og kasserar (2014-2015) styremedlem Margarete L'orange, (2014-2016) styremedlem Grethe L Rudningen (2013-2015) og styremedlem Maria Sønndrål (2014-2016).

Varamedlemmer: Eva Cecilie Sletto (2013-2015), Eli Sælid (2014-2016) og Odd Oleivsgard (2014-2016)

Valnemnd: Brit Kaupang (2014-2016) og Turid Birgit Lien (2013-2015)

Revisor: Borgny Thorsrud og Ragndi Skorve

Talet på styremøter: 2

Medlemstal per. 31.12.2014: 88

Medlemsbrev: 2

Aktivitetar

15. juli besøkte Eva Cecilie Sletto og Eva Almhell Vesleheimen i Asker. Tidlegare bustad til Olav og Karin Sletto.

Holsdagen 2.8.2014

Grethe L Rudningen deltok på marknaden under Holsdagen med sal av «Per Gjetar». Marknaden er ei nyskaping for å vise fram lokale produkt av ulike slag.

Geilo kulturkyrkje 11.9.2014

Erling Rimehaug heldt eit interessant foredrag i Geilo kulturkyrkje over temaet: Naturtru og gudstru i Olav Slettos dikting basert på bøkene om Røgnaldsfolket. Arrangementet var eit samarbeid mellom Olav Slettoselskapet, Ål kyrkjeakademi og Geilo kulturkyrkje. Fordraget har stått i Hallingdølen og kan også lesast i Årsheftet 2015. Det var ca. 30 frammøtte.

CD om Per Sjølv kom i sal att i august 2014, og OSS fekk eit flott ølkrus i gave frå Karin Bull, som står i Sletto-rommet i Holet bibliotek.

Lansering av Dølaminne 15.11.2014

Styremedlem Maria Sønndrål deltok på Nesbyen under lanseringa av Dølaminne 2014, som har med to artiklar frå Hol: Ein om oldemor til Maria, Åse Nestegard, og ein artikkel om Anne J. Sletto, utdrag frå den komande boka av Eva Almhjell.

Siste halvår har vore prega av arbeidet med boka om Anne J. Sletto, mor til Olav. Boka «Anne J. Sletto – eit kvinneportrett» blei lansert på Dr. Holms hotell, arbeidsplassen til Anne i over 30 år, 7. februar 2015. Bokomslaget er laga av Anne Sletto, oldebarnet til Anne, grafisk designar busett i USA.

Årsheftet 2015

Hovudartikkelen i årsheftet er basert på Kari Telstes foredrag om tenestjentene si historie på årsmøtet 2014. Vi har også med eit lengere intervju med Olav Sletto frå Hallingdølen 18.11.1954 om den fyrste boka i sjølvbiografien til Olav Sletto, Olver-serien, forutan Erling Rimehaugs foredrag (sjå over).


Rekneskap 2014

Økonomien i selskapet er styrka. Båe bokprosjekta; Per Gjetar og boka om Anne J. Sletto, skapar aktivitet og gir inntekter til selskapet.


www.olav.slettoselskapet.no

Leiaren er nettredaktør. Målet har vore å publisere ei nyhende kvar månad. Frå 22.6. - 31.12.2014 er det publisert 12 artiklar. Anna stoff av interesse for selskapets medlemmer og andre lesarar blir publisert jamnleg på nettsida.

Hol, 10. april 2015




Eva Almhjell




Britt-Mari Sletto



Grethe L Rudningen



Margarete L'Orange



Maria Sønndrål